



Nytt frå Leve heile livet-arbeidet i Vestland

September 2021: I dette brevet får kommunane i Vestland nyttig informasjon om Leve heile livet-arbeidet frå Statsforvaltaren i Vestland, KS, USHT, Vestland fylkeskommune og fylkeseldrerådet i Vestland. Vi held fram med dialogmøter med kommunane, og dersom din kommune endå ikkje har hatt møte, oppmodar vi om at de tek kontakt.

Reformperioden forlenga til 2024

Regjeringa har bestemt at reformperioden til Leve heile livet blir utsett med eit år.

[Les meir nytt om reforma hos Helsedirektoratet.](#)

Friskliv i Vestland fylke – webinar 22. september

Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Frisklivssentralen i Bergen inviterer til digital samling om Leve heile livet-satsinga i frisklivssentralar.

Korleis kan Leve heile livet støttast av og i kommunale frisklivsteneste- og tilbud?

Påmeldingsfrist er 16. september. [Les meir på nettsida til Vestland fylkeskommune og meld deg på.](#)

Webinar om transport 21. oktober

På webinarret får du mellom anna høyre om transportløyningar for eldre – kva fungerer og kva fungerer ikkje? [Påmelding og meir informasjon blir lagt ut hos Statsforvaltaren.](#)

Leve heile livet-konferansar i Sogndal og Bergen

Det regionale støtteapparatet inviterer til konferanse i Sogndal 8. november og i Bergen 15. november. Hald av datoen, og [følg med på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland.](#)

Seminar om etikk og kommunikasjon i liv og død

KS og USHT samarbeider om heildags etikkseminar «Åpenhet om døden: etikk og kommunikasjon i liv og død».

Gjennom stortingsmeldinga *Lindrende behandling og omsorg – Vi skal alle dø en dag. Men alle andre dager skal vi leve*, skal KS bistå kommunane i etisk refleksjon knytt til lindrande behandling. I samarbeid med USTH arrangerer vi derfor tre fagdagar; på Skei i Jølster 2. november, Bergen 9. november og Haugesund 10. november. Kommunane får invitasjon frå dei ulike USHT-ane i Vestland. Det er eit ønskje å sjå nasjonale tiltak i ein samanheng, og dette går rett inn i arbeidet med Leve heile livet. [Les meir på nettsida til KS.](#)

USHT følger opp kommunane

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

- Læringsnettverket Gode pasientforløp: Tredje samling 1.- 2. desember. USHT følger opp med rettleiing utover hausten. Kontakt Anne Marta Søsnes, anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no
- Fagdag i nettverket innan eldremedisin/eldreomsorg 11. november. Tema: Tidleg oppdaging av forverra tilstand hos den geriatriske pasienten. Kontakt Marta Strandos, marta.strandos@sunnfjord.kommune.no
- Demensplan 2025: Vi tilbyr kommunane rettleiing og prosesstøtte i arbeidet med heilskaplege tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande. Opplegget blir tilpassa den enkelte kommune. [Vi tilbyr VIPS-basiskurs, les meir om det her.](#) Kontakt Toril Marie Terum, toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no
- Vi minner om tilbodet vi har innanfor ABC-permane (Demensomsorg, Eldreomsorg, Mitt Livs ABC). [Les meir her om ABC-opplæringa her.](#) Kontakt Anne Marte Søsnes, anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no
- E-helse Vestland arrangerer [kick-off om digitalt utanforskap 30. september](#). Kontakt Annette Eri Norevik, annette.eri.norevik@sunnfjord.kommune.no. Prosjektet E-helse Vestland jobbar tett ut mot kommunane. [Les meir om innhald og arrangement på deira heimeside](#) og følg gjerne med på Facebook, Instagram og LinkedIn.
- [Sjå Handlingsplan 2021](#) og [heimesida til USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\)](#) for andre aktivitetar.

USHT Helse Fonna

- Vi arrangerer nytt kurs for pårørande med demenssykdom i haust. Vi håpar å kunne arrangerer fysisk kurs denne gongen. [Følg med på våre heimesider for meir informasjon.](#)
- Vi tilbyr ABC kompetanseheving. [Les meir på vår heimeside.](#)
- Etikk og refleksjon er et av våre satsningsområder. Vi tilbyr TID-kurs og kan tilby bistand på forespørsel fra kommuner i Helse Fonna-området. [Les meir på vår heimeside.](#)

USHT Vestland (Hordaland)

- Arrangerer digitale lunsjseminar:
 - 18. oktober og 15. november, klokka 11.00-13.00 med temaet Demensplan 2025 og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming: «Ingenting om meg – uten meg»
 - 1. november og 29. november, klokka 11.00-13.00, med temaet Kvalitetsforbedring og velferdsteknologi: «Fra teori til praksis».

Fylkeseldrerådet engasjerer seg i Regional transportplan 2022-2033

Rådet er oppteken av at Leve heile livet og eit aldersvenleg samfunn vert lagt til grunn for planlegginga. Og at ein jobbar for framtidige skyssordningar for utkantane.

Vi ønskjer «bestillingsskyss» som er fleksibel så ein kan delta på ulike arrangement og vere aktive i sine lokalsamfunn. Bestilling- og billetteringsordningar tilpassar alle brukargrupper, også dei som ikkje er brukarar av digitale tenester, må på plass. Rassikring, utbetring av fylkesvegar og bygging av gang- og sykkelvegar må prioriterast framfor bygging av nye vegar. Kommunane bør melde inn vegar dei meiner bør får gang- og sykkelveg. Det er vidare viktig å få eit bilde over kor mykje etterslepet i vedlikehald er i Vestland fylke.

Matgledekorps lansert i Vestland

Korpset skal først og fremst løfte og inspirere til meir mat- og måltidsglede hjå heimebuande eldre.

Med røynsle frå dei fem andre Matgledekorpsa å byggje på, vil vi i Vestland finne vår eigen veg for å inspirere målgruppa til både matglede og betre helse ved å formidle kunnskap om dei riktige val og praktisk læring ved gryta. [Les meir på heimesida til Statsforvaltaren.](#)

Samarbeidsavtalar om tannbehandlinga

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune har revidert alle samarbeidsavtalane med kommunane.

Ein av avtalane handlar om tannbehandling til langtidssjuka og uføre i kommunale og statlege institusjonar, eller som får heimesjukepleie. Vi er godt i gang med samarbeidet med kommunane om dette. For meir informasjon, ta kontakt med Jens H. Garden (jens.harald.garden@vlfk.no) eller Siri E. Vold (siri.espedal.vold@vlfk.no).

Nasjonale konferanse 17. november

Det blir arrangert heildigital Leve heile livet-konferanse 17. november frå 09.00 til 13.00.

Den raude tråden i årets nasjonale Leve heile livet-konferanse er medverknad, involvering og viktigheita av samarbeid på tvers, for å sikre tilbod, tiltak og tenester som er berekraftige og møter dei eldre sine behov og ønsker. Leve heile livet-prisen blir også delt ut.

[Les meir og meld deg på konferansen her.](#)

Det regionale støtteapparatet for *Leve heile livet* og nyttige lenker

Det regionale støtteapparatet for Leve heile livet er Statsforvaltaren, Kommunenens sentralforbund (KS) og Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). I tillegg har vi ei koordineringsgruppe, der fylkeseldrerådet i Vestland, Senter for omsorgsforskning og Vestland fylkeskommune også er med.

- [Stortingsmelding 15 \(2017 – 2018\) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre](#)
- [Ressursportal – for analyse og planlegging](#)
- [Helsedirektoratet si temaside om Leve hele livet](#)
- [Helsedirektoratet sin YouTube-kanal](#)
- [KS-verktøy strategisk kompetanseplanlegging](#)
- [USHT si temaside om Leve hele livet](#)

Statsforvaltaren i Vestland

Åse Vaag – fmhoava@statsforvalteren.no

Anne Eli Wangen – fmsfaew@statsforvalteren.no

[Statsforvaltaren i Vestland si heimeside](#)

KS

Leni Klakegg - Leni.klakegg@ks.no

[KS si heimeside](#)

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

Marta Strandos – marta.strandos@sunnfjord.kommune.no

[USHT Vestland \(Sogn og Fjordane\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

USHT Vestland (Hordaland)

Bodil Berg Kristensen – bodil.kristensen@bergen.kommune.no

[USHT Vestland \(Hordaland\) si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

USHT Helse Fonna

Ida Elisabeth Gaard ida.elisabeth.gaard@haugesund.kommune.no

[USHT Helse Fonna si heimeside](#) og [Facebook-side](#)

Vestland fylkeskommune

Else-Marie Brobakke Aarø – else-marie.brobakke.aaro@vlfk.no

[Vestland fylkeskommune si heimeside.](#)

Fylkeseldrerådet i Vestland

Harald Ekroll – harald.ekroll@enivest.net

